



Planlegging og gjennomføring av gravferd

*Praktisk info og orientering til samtale med gravferdskonsulenten,
eller som ei hjelp for deg som vil ta hand om alt det praktiske ved dødsfall
og gravferd sjølv.*

INNHALD

Kven har rett til å sørge for gravferda?

Type seremoni – gravferd eller kremasjon?

Kva Valdres Gravferdsbyrå kan hjelpe deg med?

Kva må pårørende gjera sjølve?

Kostnadar og stønadar

Grav / gravstad

Gravminne

Det digitale livet etter døden

Minnesider

Arv, skifte, testamente



Kven har rett til å sørge for gravferda

Det kan i mange høve koma til diskusjonar om kven det er som har retten til å sørge for ei gravferd. Og i dag, med mange ulike type familieforhold, kan det vera vanskeleg å koma til semje om dette. Difor er det ein eigen paragraf i gravferdslova som seier noko om dette

Kapittel 2. Gravferd, kremasjon og gravlegging

§ 9. Hvem som sørger for gravferden

Den som har fylt 18 år, kan i skriftlig erklæring fastsette hvem som skal ha rett til å sørge for gravferden. Erklæringen skal være underskrevet og datert

Dersom det ikke foreligger erklæring som nevnt i første ledd, har avdødes nærmeste etterlatte over 18 år i følgende rekkefølge rett til å besørge gravferden: ektefelle, barn, foreldre, barnebarn, besteforeldre, søsken, søskens barn og foreldres søsken. Ektefelles rett etter første punktum gjelder likevel ikke dersom ektefellene på tidspunktet for dødsfallet var separert ved dom eller bevilling. Ektefelles rett etter denne bestemmelsen gjelder tilsvarende for person som levde i ekteskapsliknende samboerskap med avdøde da dødsfallet fant sted.

Ved uenighet om hvem som skal sørge for gravferden, treffes nødvendig avgjørelse av kommunen på grunnlag av bestemmelsene i første og annet ledd. Avgjørelsen kan ikke påklages.

Gravferd eller kremasjon – kristen eller livssynsopen seremoni

Gravferda/gravferdsseremonien skal som hovudregel finne stad innan 10 virkedagar etter dødsfallet. Det er kyrkjeverje, presten/forstandaren eller den som er ansvarleg for gravferdshandlinga som kan gje dispensasjon frå denne regelen.

Den som har teke på seg ansvaret for å syrgje for gravferda lyt, i samsvar med avdøde sine ynskje, ta stilling til om det skal vera vanleg kistegravferd eller kremasjon, og kva for type seremoni ein ynskjer.

I dag finst det fleire ulike gravferdsseremoniar å velje mellom: private, borgarlege, humanetiske eller seremoniar etter andre religionar eller trussamfunn sine ordningar. Men dei aller fleste vel gravferd etter den norske kyrkje si ordning. Desse seremoniane kan variere litt frå kyrkjelyd til kyrkjelyd, men i hovudtrekk er dei like. Det sama gjeld og for humanetisk gravferder.

Me i Valdres Gravferdsbyrå vil vera hjelpsame med å finne eigna lokalar og talarar til gravferder utanom den norske Kyrkja si ordning.

Kva gravferdsbyrået kan hjelpe til med

Døden er ofte noko me helst ikkje talar om. Difor er me lite budde når nokon av våre kjære eller næraste dør. Samstundes som me har nok med sorga og kjenslene våre, er det mange avgjerder som må takast, og mange praktiske oppgåver som må handterast.

Nokon ynskjer å ta hand om alle dei praktiske gjeremåla sjølve, medan andre vil ha hjelp. Uansett kva du ynskjer, vil Valdres Gravferdsbyrå hjelpe deg med råd og rettleiing, og vera ein god støttespelar.

Her er stutt sett opp ei liste over ting Valdres Gravferdsbyrå kan hjelpe deg med:

Kontakte:

Lege
Lensmann
Prest/Gravferdstalar
Kyrkja/Trussamfunn/Seremonistad
Organist / Muskar / Solist
Kyrkjetenar/Gravar/Krematorium

Hjelpe til med:

Utforming av dødsannonse og sende til aviser
Oppsett, utforming og trykking av sangark

Bestille:

Blomster
Lokale/mat til minnesamvær

Bistå med:

Vask, stell og svøping i kiste
Utsynging/bisetjing
Transport til/frå bårerom, seremonistad/krematorium
Gravferdsseremonien
Leiing av minnesamvær
Bestilling og oppsetting av gravminne

Kva pårørande sjølve må gjera

Kontakte tingretten for å skifte boet og søke om skifteattest

Forsikringsselskap

Posten

Telefon/breiband NRK lisenskontor

Oppføringar (Nettkataloger, Brønnøysund osv.)

Kabel-/parabolleverandør

Straumleverandør

Sosiale medier (internett) Tannlege/fastlege

Trafikkstasjon Autopass

Borettslag/husvert Abonnement

Foreninger

Hjelpemiddelsentralen Alarmselskap

Andre lag og foreningar _____

Kostnader og stønader

Når ein akkurat har opplevd å miste nokon av sine nære og kjære, er ikkje pengar og økonomi det ein fyrst

tenkjer på. Difor vil gravferdskonsulenten i løpet av samtalen med pårørande gje eit prisoverslag.

Kor mykje ei gravferd vil koma til å koste er vanskeleg å seia noko heilt sikkert om før ein har teke stilling til alle alternativa. Om det skal vera kremasjon, storleik på dødsannonse og evt. om den skal stå i fleire aviser, mengde blomar, og talet på songark. Men likevel kan me seia at ei gravferd normalt ligg ein stad mellom 25.000 og 35.000,-.

I nokre tilfelle vil det vera grunnlag for å søke NAV om stønad til gravferd og båretransport. Me vil orienter deg om lover og reglar, og hjelpe deg med å søke.

- Gravferdsstønad er behovsprøvd og kan gjevast med inntil 25% av 1 G (for tida 25.377,-)
- Stønad blir avkort mot formue, forsikringsbeløp, tenestepensjon, som blir utbetalt for månaden etter dødsfallet, og eventuelle utbetalningar frå gravferdskasse i fagforbund og liknande.
- For gifte og sambuarar, som kan jamstillast med ektefellar, blir det gjeve eit fribeløp tilsvarande maks stønadsbeløp, før gravferdsstønaden blir avkorta.
- Hvis avdøde var under 18 år blir det ingen behovsprøving.
- Utgiftene til gravferda må være dokumentert ved regning fra gravferdsbyrået.
- Formue må dokumenterast med utskrift av ligning.
- Utgifter til minnestund kan ikkje reknast med i utgiftsgrunnlaget.
- Når samla avstand frå dødsstaden og til næraste naturlege seremonistad, eller avstanden til næraste gravferdsbyrå, er over 20 km, refunderer NAV den delen av transportkostnaden som er over eigenandelen (10% av maks gravferdsstønad – for tida kr 2.538,-)

Grav / gravstad

Det er kyrkjegard/gravlund ved alle kyrkjene i Valdres (så nær som for fjellkyrkja i Aurdal og Veståskapellet på Bagn). Og det er kyrkjeverjen ved kyrkjeleg fellesråd som tilviser grav.

Mange har kanskje familiegraver ein ynskjer å bruke, medan andre må få tilvist ny grav. Når ny grav blir teke i bruk, har ein høve til å feste éi eller to grav inntil den nye. Når to eller fleire graver festast ilag, kallast det for ein *gravstad/gravsted*.

Fredningstida for ei grav er normalt 20 år, men nokon kyrkjegardar eller deler av nokre kyrkjegardar, kan ha lengre fredningstid. Fyrste gong ei grav blir teken i bruk, er den ei *frigrav* i 20 år, medan den eller dei reserverte gravene må betalast for frå fyrste stund. Ei slik reservert grav kallast for ei *festegrav*. Tek ein i bruk ei gamal, tidlegare festa grav, vil den alltid vera ei festegrav, som vil fylgje festeperioden. Men den vil vera freda for gjenbruk i 20 år.

Ved nokre kyrkjegardar sendast festeavgiftene ut kvart femte år, medan det ved andre kyrkjegardar sendast ut kvart tiande eller tjuande år.

Det er kyrkjegardsbetjeninga som fjernar blomar og planerer og sår til grava.

Berre nokre få kyrkjegardar i Valdres har eigne urnelundar. Mest vanleg er det at urner blir sett ned i vanlege graver. Det kan gjerast sjølv om fredningstida for kistegrava ikkje har gått ut. Det kan setjast 8 urner ned i ei vanleg kistegrav.

Sjå elles www.valdresgravferd.no/vedtekter for meir info om dei ulike kyrkjegardsvedtektene.

Gravminne

Treng du hjelp til å få gravert inn namn på ei eksisterande gravstøtte, kan Valdres Gravferdsbyrå hjelpe deg med det. Me har kontakt med fleire gravsteinsleverandørar, som gjer slik arbeid ute på kyrkjegardane.

Er støtta gamal, og det ikkje er plass til fleire namn, kan eit alternativ vera å snu støtta slika at baksida kjem fram. Den nye framsida kan reinslipast, og namn hoggast inn. Då har ein dei gamle namna på baksida, og har med det teke vare på historia. Alternativet er å kjøpe nytt gravminne. Me har katalogar og prislister på dette, så ta kontakt om du treng det, eller sjå www.valdresgravferd.no/gravminne for meir info.

Eit gravminne kan tidlegast setjast opp på ei ny grav etter 6 mnd.



Det digitale livet etter døden

Mange av oss har i dag aktive liv på ulike sosiale medier. Men kva skjer med profilane våre etter at me er borte?

På Facebook, Twitter, Instagram, Google-konto, bloggar og andre nettenester vil me leva vidare etter at me er døde, så sant ingen fysisk går inn og slettar dei ulike kontoane og profilane våre. Nokre stader er det ein enkel og grei sak å få gjort, men andre stader trengst dødsattestar og liknande for at ei konto kan slettast.

Før ein går til steget med å slette profilar, bør ein kanskje gå gjennom bildematerialet som finst, og ta kopiar av dei. Når profilen er sletta er det for seint.

Nettsida www.slettmeg.no kan vera til ei god hjelp.

Minnesider

Mange gravferdsbyrå tilbyr gratis minnesider for dei som måtte ynskje det. Her vises dødsannonsen, informasjon om, og adresser til gravferdsseremonien og evt. minnesamværet.

På minnesida kan ein også legge ut minneord, bilder og videoar. Familie, vener, grannar og andre kan «tenne lys» eller skrive ei helsing på denne sida. Det er pårørende sjølve som administrerer minnesida, og den kan lett delast via e-post eller facebook.

På minnesidene kan ein også gje minnegåver til formålet dei pårørende har valt, og ein kan bestille blomar til seremonien.

Ei slik minneside får du gratis hjå Valdres Gravferdsbyrå.


Arv og skifte


Dette med arv og skifte kan i nokre tilfelle by på utfordringar. Særleg i forhold der det er *særkullsbarn* inne i bildet. Både advokatar og skifteretten kan gje deg gode råd i slike saker.

Du er arving dersom du er tilgodesett i testamentet til den avlidne, eller dersom arvelova fastset det. Har ikkje den avlidne skrive testamente, følgjer det altså av arvelova kven som er arvingar.

Nedanfor ser du ei enkel oversikt over korleis dei ulike arvingane stiller seg i høve kvarandre.

Nettsida www.testamente.no gjev god informasjon om arv og testamente.







Valdres
Gravfersbyrå

www.valdresgravferd.no